



Arkivnr: 2017/14241-2

Saksbehandlar: Katharine Louise Clarke

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.02.2018

Korleis oppretthalde regional konkurranseskraft? Hovudsøknad til Interreg Nordsjøprogrammet «Right skills for the right future» (RIGHT)**Samandrag**

Tunge endringsdrivarar som globalisering, demografiske endringar, digitalisering og det grøne skiftet saman med store endringsbehov i olje- og gassnæringa, gjer at næringslivet i Hordaland må omstille seg og finne nye næringar og nye marknader for å kunne oppretthalde konkurranseskrafa. Ein av dei viktigaste føresetnadene for å lukkast med dette er at bedriftene har den kompetansen som trengs i framtida.

Dei blå næringane/energinæringane er spesielt viktige for Hordaland, men også i mange andre regionar langs dei store sjøbassenga. Her går utviklinga fort og det er difor viktig å kunne identifisere på kva område Hordaland har størst vekstpotensiale, gjerne i kryssinga mellom ulike næringar, og syte for å tilføre og utvikle kompetanse slik at bedriftene kan handtere framtidige utfordringar. Her har fylkeskommunen både som samfunnsutviklar og skuleeigar ein viktig rolle.

Fylkesrådmannen ønskjer å etablere eit internasjonalt samarbeidsprosjekt som skal bidra til å løyse desse utfordringane. Dette er eit tema som er høgt oppe på agendaen i EU. Mange europeiske regionar har allereie samla erfaringar på dette området. Vi trur difor at vi kan oppnå best resultat gjennom internasjonalt samarbeid og ønskjer å søkje om prosjektmidlar frå INTERREG Nordsjøprogrammet saman med andre europeiske partnarar, til prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT).

Søknadsprosessen i INTERREG Nordsjøprogrammet foregår i to fasar. FUV behandla oppstart av denne saka, ref. sak 200/2017 i møte 24.08.17. Fylkesutvalet fatta følgande vedtak:

1. *Fylkesutvalet vedtek at fylkesrådmannen kan arbeide vidare med å utvikle prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT).*
2. *Første prosjektskisse kan sendast inn til Nordsjøprogrammet innan fristen 28. august 2017.*
3. *Fylkesutvalet ber om å få framlagt endeleg prosjektsøknad innan mars 2018.*

Søknaden i første fase med eit førebels budsjett vart, vart som eit av få prosjekt frå Norge, godkjent i styringskomiteen for programmet i november 2017, og partnarskapen vart invitert til å sende inn ein hovudsøknad i fase 2 med frist no 5. mars 2018. Hovudsøknaden skal beskrive arbeidspakkane i prosjektet og kva aktivitetar og tiltak som skal gjennomførast.

Med utgangspunkt i vedtaket over pkt. 3, vert denne saka fremma for FUV Sjølv om mykje av innhaldet er på plass, er ikkje søknaden ferdig skrive og kan difor ikkje leggjast fram for fylkesutvalet i denne omgangen. I saka blir det gjort greie for status for arbeidet og det som er klargjort fram til dags dato. Hordaland fylkeskommune jobbar nå saman med dei europeiske partnarane for å ferdigstille prosjektsøknaden innan fristen. Fylkesrådmannen vurderer det som viktig å no få ei politisk avklaring frå fylkesutvalet, før vi eventuelt går i ytterlegare dialog og krev meir formelle forpliktelser hos dei utanlandske partnerane.

Økonomi: Ved å sende inn søknaden forpliktar Hordaland fylkeskommune til å leie prosjektet over ein treårsperiode. Budsjettet og finansieringsplanen for prosjektet er lagt inn i saka. Prosjektet skal finansierast gjennom midlar frå Handlingsprogram for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH) og over driftsbudsjettet til Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga.

Klima: Grøn kompetanse og nye miljøvennlege teknologiar vil vere ei av tilnærmingane i prosjektet. Auka kompetase på desse områda kan ha ein positiv effekt på klima og miljø

Folkehelse: Auka kompetanse og høgare sysselsetting vil ha ein positiv effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Prosjektet er forankra i Regional planstrategi under hovudmålet, Høg sysselsetting – «Betra samspelet mellom utdanningssektoren og mellom utdanning og arbeidsliv»

Forslag til innstilling/vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fylkesrådmannen kan søkje Interreg Nordsjøprogrammet om godkjenning av prosjektet «Right skills for the right future» (RIGHT) innan frista 5. mars 2018
2. Fylkesutvalet gir tilslutning til budsjettet og finansieringplanen for eit 3-årig prosjekt som skissert, og at dette finasierast innanfor til ei kvar tid gjeldande budsjettramme.
3. Dersom prosjektet vert godkjent gjennom INTERREG Nordsjøprogrammet, ber fylkesutvalet om årlege rapportar om resultat og framgang i prosjektet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.01.2018

Bakgrunn for prosjektet

Regional konkurranseskraft – avgjerande for framtidig velferd

Hordaland står, i likskap med andre regionar i Noreg og i heile den industrielle verda, ovanfor store endringar i arbeidsmarknad og næringsstruktur. Tunge endringsdrivarar som globalisering, demografiske endringar, digitalisering og det grøne skiftet byr på nye mulegheiter, men krev samstundes omstilling i tenking, åtferd og ikkje minst kompetanse. Dette er blitt ytterlegare aktualisert gjennom nedgangen i olje- og gasssektoren som har ramma Vestlandet spesielt.

Det avgjerande spørsmålet er korleis Hordaland kan oppretthalde og aller helst auke den regionale konkurranseskrafa. I dagens situasjon kan ein region sin konkurranseskraft oversetjast til «bedriftene i regionen sin evne til å erstatte utflatingen i olje- og gassinntektene, evnen til å beholde kompetansen i regionen gjennom at andre næringer absorberer ledig kapasitet, evne til omstilling og til å finne nye markeder». (Menon Business Economics, november 2015)

For å oppretthalde konkurranseskrafa i den globale marknaden må Hordaland fylkeskommune gjennom si samfunnsutviklarrolle, ta styring gjennom langsiktig planlegging og strategiske tiltak. Hordaland fylkeskommune har tatt initiativ til å ruste regionen for å møte desse utfordringane ved å utarbeide ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft og ein smart spesialiseringssanalyse for å avdekke kor vekstpotensialet i Hordaland ligg.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft: Korleis fylle arbeidslivets behov for kompetanse?

Eit av dei viktigaste områda det offentlege kan støtte og utvikle det regionale næringslivet på, er gjennom tilførsel og utvikling av framtidsretta kompetanse. Hordaland fylkeskommune (HFK) har i samarbeid med andre regionale aktørar utarbeidd eit framlegg til regional plan for kompetanse og arbeidskraft, som blei vedtatt av Fylkestinget i oktober 2017. Målet med planen er å sikre ein betre balanse melom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden. Nokre av utfordringane som blir peika på er korleis vi skal kunne identifisere framtidas kompetansebehov og korleis vi skal kunne utvikle utdanningstilbod som kan dekke dette behovet.

Smart spesialisering – analyse for Hordaland: Kor ligg vekstpotensialet i Hordaland?

HFK vil i tillegg få gjennomført ein regional innovasjonsanalyse med «smart spesialisering» som metodikk. Formålet med ein slik analyse er å identifisere og forsterke regionens innovasjonsevne med utgangspunkt i eksisterande styrke og fortynn. Utfordringa ligg i å identifisere relasjonar mellom sterke næringar, nye relaterte områder og forskingsmiljø og avdekke kor veksten kan kome i framtida. Resultata frå analysen vil utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag for prioriteringar og verkemiddelbruk, og ikkje minst for å kunne byggje opp kompetanse på dei områda som blir avdekkja i analysen.

Analysen vil bli gjennomført av Mohn-senteret ved Høgskulen på Vestlandet og IRIS og skal vere ferdig sommaren 2018. Tilsvarande analysar vil bli gjennomført for Sogn og Fjordane og Rogaland.

Næringsklynger og andre regionale aktørar vil bli involvert i arbeidet.

Forut for EU programperioden 2014 – 2020 blei det innført eit krav om at alle medlemsregionane måtte utarbeide ein smart spesialiseringssstrategi for å kunne motta midlar frå dei regionale fonda i EU (ESIF). Europeiske regionar har difor opparbeidd erfaringar med denne typen strategiar over ein lengre periode. Næringslivet vårt er eksportrettet med Europa som ein viktig marknad. Ved å gjere tilsvarande analysar som dei andre europeiske regionane, vil vi kunne få eit betre utgangspunkt for å samarbeide med andre regionar og posisjonere oss i den europeiske marknaden.

Internasjonalt samarbeidsprosjekt for å løyse felles utfordringar – leia av Hordaland fylkeskommune

For å bidra til at Hordaland skal kunne oppretthalde og vidareutvikle si konkurranseskraft, ønskjer vi å etablere eit prosjekt som skal undersøke skjeringspunktet mellom funn i smart

spesialiseringssanalysen og den regionale kompetanseplanen. Dei blå næringane og energinæringane er svært viktige for Hordaland i dag, der vi og er verdsleiane på einskilde område. Vi ønskjer difor å ta utgangspunkt i desse næringane, relaterte vekstområde og identifisere behov for framtidig kompetanse. Arbeidet vil soleis støtte opp under eksisterande næringar, men også teste ut tiltak retta mot veksande og nye næringar som er beslektat med desse.

Vi meiner at eit internasjonalt prosjekt vil gje ein tilleggsverdi ved at problemstillingane setjast inn i ein større kontekst. Eit internasjonalt perspektiv gjev arbeidet ei breidde som det elles ikkje hadde fått. Næringslivet vårt er eksportretta og Storbritannia, Tyskland og Nederland er våre største marknader. Eit samarbeid med desse landa er difor naturleg.

Vi ønskjer difor å samarbeide med europeiske regionar for å finne gode løysingar på felles utfordringar. Interreg er EU sitt program for regionalt samarbeid, og Nordsjøprogrammet som er eit av underprogramma, er spesielt eigna til dette arbeidet. Nordsjøprogrammet omfattar utvalde regionar i 7 land med kystlinje mot Nordsjøen. I Nordsjøprogrammet kan Hordaland samarbeide med andre regionar med felles historie og som langt på veg er i same situasjon både i høve til økonomi, kultur, kompetanse, og som difor gir eit godt utgangspunkt for eit effektivt og målretta samarbeid. Dei blå næringane og energinæringane er viktige for alle desse regionane. Hordaland har gode moglegheiter for å få tildelt midlar dersom vi klarer å utvikle eit prosjekt som møter utfordringane regionalt og som støttar opp under EU sine mål.

Smart spesialisering blir mest sannsynleg like viktig som satsing under den nye EU-planperioden frå 2020. Mange europeiske regionar held no på å justere sine analysar. Dermed er dette eit tidsriktig arbeid i samarbeid med europeiske partnarar.

Vi legg med dette fram ei skisse av prosjektet basert på det arbeidet som er gjort i partnarskapen fram til no. Søknaden i fase 1 som blei godkjent i november 2017 er lagt ved saka. Fylkesrådmannen ønskjer tilslutning til å søkje Interreg Nordsjøprogrammet i fase 2 om gjennomføring av dette prosjektet.

Hordaland fylkeskommune vil vere prosjektleiar. Rolla som prosjektleiar har klare fordelar i slike prosjekt gjennom større påverknadskraft i høve til innhald og framdrift. Hordaland har mykje erfaring og kompetanse på dette feltet frå tidlegare Interreg-prosjekt og har eit godt renommé i Nordsjøområdet.

Partnarar og budsjett

Hordaland fylkeskommune har jobba med partnarskapsbygging sidan i fjor sommar. Ein har sett spesielt etter partnarar med erfaring og liknande profil som oss og som ønskjer å setje planverk og verkemiddelbruk i fokus. Partnarskapet består av 4 regionar, 2 byer og 3 forskingsinstitusjonar. Tabellen nedanfor viser kven som er partnarar og kva budsjett dei har¹. Alle søker Interreg Nordsjøprogrammet om 50 % stønad.

1. Hordaland County Council	€ 620 000
2. Johann Daniel Lawaetz-Stiftung	€ 250 000
3. Hanze University of Applied Sciences	€ 300 000
4. Provincie Groningen	€ 200 000
5. Universiteit Gent	€ 380 000
6. FIFE Council	€ 396 000
7. Highlands and Islands Enterprise	€ 30 000
8. Vordingborg Erhverv	€ 150 000
9. Hamburg University of Applied Sciences	€ 78 225

¹ E9. Hamburg University of Applied Sciences

10. Skåne /IUC Syd

Ikke bekrefta

Litt om kvar partnar og kvifor dei deltar

Johann Daniel Lawaetz-Stiftung er ei stifting eigd av Hamburg by. Stiftinga byggjer nettverk, deltar i prosjekt og gjennomfører utviklingsprosjekt på vegne av kommunen. I prosjektet er dei spesielt opptekne av å tilføre ny kompetanse til arbeidstakarar i bedriftene.

Provincie Groningen er ein region i det nordlege Nederland. Dei har klare kompetanseutfordringar som til dømes skuldast fråflytting, demografiske endringar og fallande produksjon. Dei ønskjer å bygge kompetanse for regionen innanfor fornybar energi.

Hanze University of Applied Sciences er ein høgskule i den nederlanske provinsen, Groningen. Forskaren som deltar i prosjektet har spesialisert seg på klyngepolitikk og korleis det påverker innovasjonsprosessar i SMBer.

Universiteit Gent er eit universitet i Flandern med meir enn 40 000 studentar. Dei som deltar i RIGHT drivar «Marine Training.eu», ei e-læringsplattform for marine næringar og lagar kurs og andre utdanningsprogram.

Fife Council er ein region i Skottland litt nord for Edinburgh med 364 000 innbyggjarar. Dei har mange små verksemder og ønskje å bygge kunnskap om kva for nye teknologiar som kjem til å dominere i framtid og korleis dei kan oppretthalde sysselsettinga.

Highlands and Islands Enterprise er det skotske nasjonale næringsutviklingsdirektorat. Dei ønskjer å satse vidare på blåe næringar og har mykje erfaring frå skotske nasjonale program. Dei ønskjer primært å følgje prosjektet og kome med innspel i prosessen.

Vordingborg Erhverv er eit næringsutviklingsverksemd i ein lite kommune i den danske region Sjælland. Regionen har fleire store infrastruktur prosjekt innanfor samferdsle og energi og kommunen ønskjer å sikre at lokale verksemd har den naudsynte kompetansen for å levere tenester.

Hamburg University of Applied Sciences, Professoren som deltar i prosjektet driver ein “Innovation Lab”. Laben jobbar med regionale prosjekt innanfor kompetanse og omstilling og har mykje erfaring som dei kan tilføre prosjektet.

IUC Syd er ein næringsutviklingsorganisasjon som driver med prosjekt, nettverk og klyngeaktiviteter for Region Skåne. Dei lokale produksjonsverksemdene treng nettverk og uttesting av nye kompetansetiltak.

Prosjektinhald og aktivitetar

Hordaland fylkeskommune har vore pådrivar i prosessen og utforma prosjektskissa i samarbeid med partnarane. Prosjektet definerer følgjande *utfordringar* som er felles for alle partnarane:

Utfordring 1: Behov for meir kunnskap om det langsigchte vekstpotensialet i partnarregionane og i Nordsjøregionen og å sikre at innovasjonskapasiteten blir utvikla i samsvar med dette.

Utfordring 2: Kompetansegap som barriere for innovasjon og vekst i dei blå næringane og energinæringane.

Overordna mål:

Oppretthalde den regionale konkurranseskrafta og styrke innovasjonskapasiteten i regionen ved å sikre tilgang til ein sterk og tilpassingsdyktig arbeidsstyrke med framtidsretta kompetanse

Hovudmål

1. Identifisere innovasjonsmoglegheiter

Bruke funn frå smart spesialiseringssanalysen i dei blå næringane/energinæringane for å avdekke innovasjons- og vekstpotensiale. Kvar partnarregion vil definera kva næringar dei vil fokusere på.

2. Avdekke kompetansegap

Identifisere kompetansegap i dei blå næringane/energinæringane som skaper barrierar for innovasjon og vekst i kvar partnarregion.

3. Fylle kompetansegap

Gjennomføre og teste tiltak for å sikre ein fleksibel, framtidsretta arbeidskraft ved å sette i verk konkrete tiltak og aktivitetar innan ordinære utdanningsløp og/eller etter-/vidareutdanning. Utvikle og teste nye utdannings- og opplæringsprogram i skule og/eller i SMB, og lage forretningsmodellar som kan fylle spesifiserte kompetansegap i partnarregionane.

4. Auke innovasjonskapasiteten i regionen

Byggje på og samle erfaringar frå prosjektaktivitetane for å sikre ein fleksibel og tilpassingsdyktig utdannings- og innovasjonspolitikk som ivaretar framtidige kompetansebehov i dei blå næringane/energinæringane.

Resultatindikatorar:

1. Tal område der ein har identifisert og adressert kompetansegap
2. Tal SMB-er med økt innovasjonskapasitet som resultat av deltaking i prosjektaktivitetar
3. Endringar i eksisterande politikk for å utvikle eit meir tilpassingsdyktig utdanningssystem i dei regionale partnarskapa

Arbeidspakkar

I januar 2018 organiserte vi eit partnarmøte i Malmø for å diskutere prioriteringar og prosjektaktivitetar med alle deltagande partnarar. Her blei det definert fem arbeidspakkar som skal leiest av ein av partnarane.

Arbeidspakke 1 – prosjektleiing og koordinatorrolle

Leiar: Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har mykje erfaring frå å leie europeiske samarbeidsprosjekt. Vi veit at dette er ei krevjande og givande rolle kor vi skaper nye erfaringar, nettverk og byggjer internasjonal kompetanse.

I tillegg til å leie prosjektet, kjem vi til å gjennomføre prosjektaktivitetar tilsvarande det dei andre partnarar gjennomfører med pilotar og testing.

Arbeidspakke 2 – Kommunikasjon

Leiar: Hordaland fylkeskommune

Det er mest føremålstenleg at prosjektkoordinatoren leiar denne arbeidspakken. Kommunikasjonsarbeid er ein viktig del av prosjektaktivitetane. Vi vil lage ein kommunikasjonsplan som gjer oss i stand til å formidle resultata til våre viktigaste målgrupper. Vi byggjer også viktig kompetanse internt på dette feltet.

Arbeidspakke 3 – Kartlegge kompetansegapet og bygge kunnskap

Leiar: Hanze univeristetet

Denne arbeidspakken leggjer grunnlaget for dei øvrige prosjektaktivitetane. Vi skal kartlegge klyngene og smart spesialiseringstrinn i partnerregionene og definere kva for sub-sektorar som er mest relevant for kvar partnerregion å jobbe vidare med. Kvar partner skal rekruttere verksemder i eigen region. Partnerane skal og definere kva for kompetanseutfordringar dei ønskjer å jobbe med i eigne pilotaktivitetar.

Arbeidspakke 4 – Pilotar og testing

Leiar: Fife Council

Denne arbeidspakken er kjerna i prosjektet. Prosjektet skal gjennomføre konkrete tiltak og teste kjente og ukjente verktøy for å fylle det kompetansegapet som er avdekkja. Partnerane skal og jobbe saman på tvers av regionane for å finne synergiar i dette arbeidet. Moglege tema kan vere digitalisering, nye forretningsmodellar, nye prosessar, deling av testinfrastruktur, mm.

Arbeidspakke 5 – Auka innovasjonskapasitet og politikkutforming

Leiar: Lawaetz, Hamburg

Denne arbeidspakken vil samle alt vi har lært i prosjektet og sørge for at resultata formidlast på ein god og tydeleg måte. Deling og overføring av erfaringar og best practice er ein viktig aktivitet.

Regionale partnarar

Kvar partner har moglegheit til å byggje ein eigen regional partnarskap for å gjennomføre pilotar og tiltak med prosjektfinansiering. I Hordaland vil vi jobbe saman med næringsklynger, kommunar, fagskulane og høgare utdanningsinstitusjonar.

Dei blå næringane og energinæringane er sentrale i hordalandssamfunnet og bidrar til mange arbeidsplassar. Den kompetansen som er utvikla innan subseanæringa blir i aukande grad tatt i bruk i andre blå næringar. Det er eit stort potensiale i havrommet i forhold til auka ressursutvinning og nye næringar, til dømes havvind, kraftutveksling og gruvedrift på havbotnen. Smart spesialiseringsanalysen vil gi betre kunnskap om desse fagområda. Fagskolen i Hordaland som er ein av dei største fagskolane i landet har eit breitt fagmiljø innan tekniske, maritime og petroleumstekniske utdanningar. Med skolens kompetanse innan desse fagfelta er det eit svært godt utgangspunkt for å utvikle nye kompetanseområde for framtidas næringssliv, som til dømes havromsteknologi. Fagskolen vil difor vere ein viktig regional samarbeidspartner i prosjektet.

Meland kommune og Lindås kommune / ny Alver kommune ønskjer å delta i prosjektet som partnarar. Dei ønskjer å tilrettelegge for og vidareutvikle næringsslivet i Nordhordland og syte for at næringsslivet har tilgang til naudsynt kompetanse. Her vil det vere viktig å kople på dei vidaregåande skulane i regionen. Prosjektet kan gjennomføre tiltak og testing i desse områda. Kommunane skal rekruttere verksemder til aktivitetane. Verksemder som deltar i pilotane kan også danne nye nettverk innanfor Nordsjøområdet.

Forankring

Prosjektet er forankra i Hordaland gjennom Regional planstrategi for Hordaland 2012-2020, Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, Regional forskingsstrategi Hordaland 2015-2019, Handlingsplan for næring- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH) 2018 og Internasjonal strategi 2013-2106 (gjeldande).

Prosjektet er forankra på europeisk nivå gjennom "[A New Skills Agenda for Europe](#)" publisert 10. juni 2016. Det finns fleire EU politikk-område og strategiar som er relevante for prosjektet og som prosjektpartnarar kan saman identifisere for ei god forankring på dette nivået.

Prosjektideen er forankra i Nordsjøprogrammet under objektiv 1.2: "Enhance regional innovation support capacity to increase long-term innovation levels and support smart specialisation strategies"

Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse står for prosjektutvikling i samarbeid med Næringsseksjon og Opplæringsavdelinga.

Finansieringsplan

Budsjett i Interreg prosjekt er forholdsvis enkle og har nokre få postar. Erfaringar frå tidlegare prosjekt viser at det er naudsynt at det blir sett av tilstrekkelege ressursar og kompetanse til arbeidet frå prosjektstart. Basert på tidlegare erfaring, til dømes prosjektleiing i Clean North Sea Shipping, har vi rekna at eit slikt prosjekt vil krev 1,7 årsverk. Rolla som prosjektleiar vil krevje ei 100% stilling i tre år. Anna støtte frå fagpersonar og administrativt stønad er også naudsynt.

Staff costs - 1,7% stilling 800.000 kr pr. årsverk 3 årig prosjekt	4 080 000 kr
Office and administration - Faste kostnader for kontor, straum og telefon er satt til 15% av	612 000 kr
Travel and accomodation - 2 personer reiser 8 gonger i året i 3 år 8 000/reise	384 000 kr
External Expertise - Alle anskaffelser i prosjektet	500 000
SUM over heile prosjektperioden	5 576 000 kr
50% som Interreg stønad, reelle kostnader	2 788 000 kr eller 929 000 kr pr. år

Prosjektet vil krevje medfinansiering på 929 000 kr pr. år i tre år. Til samanlikning var budsjett for Clean North Sea Shipping i 2013 sett til NOK 2.5 millionar som kravde eigeninnsats frå Hordaland fylkeskommune på 1.25 millionar kr per år..

Med prosjektstart i november 2018 vil dei fleste kostander kome i 2019, 2020 og 2021 med nokre oppstartskostander i 2018 (kick-off møte og arbeidstimar).

Forslag til finansieringsmodell kvart år i 2019, 2020 og 2021:

1) 400 000 kr. per år frå Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH) – B: Tilrettelegging for næringsutvikling, B-2 Relevant kompetanse

2) 280 000 kr. per år - 70% stilling som eigeninnsats frå Regionalavdelinga og Opplæringsavdelinga (35% kvar)

3) 249 000 kr. per år – Innanfor budsjettramma til Regionalavdelinga.

SUM NOK 929 000 per år